

Møtereferat 11

Komitéen for nytt kommunenamn og heraldikk

Møtestad: Volda rådhus.

Tid: tysdag 31.10. kl 15.30 – 17.30

Til stades:

Svein Otto Espe

Odd. A. Folkestad

Kari A. Hasle

Torunn Lødemel Stokkeland

Jon Tvinnereim

Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjende.

Referatetforslaget frå møtet 23.10.17 vart gått gjennom og det vart gjort fleire endringar for å gje eit rett og utfyllande bilde av det som skjedde på møtet.

Vidare framdrift av kommunevåpensaka:

1. Før møtet i Fellesnemnda 16.11. skal leiaren i skaffe ei kompetent og fagleg vurdering av kommunevåpenforslaga nr. 23 og 28. Spørsmålet er om dei er akseptable ut frå heraldiske reglar. Dersom det blir tilrådd godkjenning av dei ut frå heraldiske kriteria, blir dei saman med ein «protokoll» overleverte til Fellesnemnda på møtet 16.11. Blir eitt eller begge ikkje tilrådd godkjenning, skal Heraldikkomitéen vurdere å halde nytt møte for å vurdere vidare handsaming fram til møtet i Fellesnemnda 16.11. Avklaringa av spørsmålet om heraldisk godkjenning må vere ferdig og «protokollen» godkjend av medlemmene i komitéen seinast 10.11.
2. «Protokollen» som oppsummerer kort handsaming av saka om kommunevåpen i nye Volda i Heraldikkomitéen, og inneheld komitéen sine konklusjonar med grunngjevingane av mindretals- og fleirtalsforslaget, blir opplesen på møtet i Fellesnemnda 16.11. og overlevert til leiaren i Fellesnemnda.
3. Odd A. Folkestad får laga poster av dei to forslaga til kommunevåpen. Desse blir «avduka» saman med presentasjonen av protokollen frå Heraldikkomitéen på møtet 16.11.

Referent

Jon Tvinnereim